



Jostedalsbreen  
nasjonalparkstyre

**Postadresse**  
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

**Besøksadresse**  
Rådhuset i Luster  
Statens hjørne  
6868 Gaupne

**Kontakt**  
Sentraltbord: +47 57 64 30 00  
Direkte: +47 57 64 3133  
sfvlpost@statsforvalteren.no  
fmvlpost@fylkesmannen.no  
[www.nasjonalparkstyre.no/Jostedalsbreen](http://www.nasjonalparkstyre.no/Jostedalsbreen)

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Sakshandsamar Tor Arne Hauge

Vår ref. 2019/5041-0 432.3

Dykker ref. «REF»

Dato 16.10.2023

## Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - referat etter dialogmøte 2023 - rådgjevande utval og administrativt kontaktutval

**Møtestad:** Stardalen sommarkafé, Stardalen i Sunnfjord kommune

**Dato:** Tysdag 3.oktober 2023

**Tid:** Kl. 10:00 – 14:00

### Til stades fra fagleg rådgjevande utval:

Sogn og Fjordane bonde- og småbrukarlag:

Ingolf Folven

Universitetet i Bergen:

Atle Nesje

Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane (FNF):

Ket Fossen

Statsforvaltaren i Vestland:

Tom Dybwad

Visit Fjordkysten og Sunnfjord:

Vanja Birkeli

### Organisasjonar og medlemer i rådgjevande som hadde forfall:

Norsk bremuseum:

Pål Hage Kielland

Jostedalsbreen nasjonalparksenter:

Wenche Nesje

Breheimssenteret:

Vestland bondelag:

Merete Støfring

Sogn og Fjordane Turlag:

Rune Valsvik

Visit Nordfjord:

Marita Lindvik

Visit Sognefjord:

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane:

### Til stades av administrative kontaktpersonar:

Stryn kommune:

Eivind Evebø

Sunnfjord kommune:

Solfrid Trå

Gloppen kommune:

Lindis Bergland Østgård

Luster kommune:

Marte Meland

### Administrative kontaktpersonar som hadde forfall:

Sogndal kommune:

Joakim Systaddal

### Til stades frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre og administrasjon:

Styreliar Ivar Kvalen

Luster kommune

Styremedlem Oddmund Klakegg

Sunnfjord kommune

Styremedlem Vibeke Johnsen

Sogndal kommune

Vara til nasjonalparkstyret Per Rune Vereide

Gloppen kommune



Trygve Snøtun – Nasjonalparkforvaltar  
Tor Arne Hauge – Nasjonalparkforvaltar  
Anne Rudsegen – Statens naturoppsyn (SNO)

**Sakliste:**

**1. Velkommen**

Styreliar Ivar Kvalen ynskte velkommen til dialogmøte i Stardalen  
Kort presentasjon rundt bordet – namn og organisasjon/rolle.

**2. Geologiske verneverdiar i og rundt Jostedalsbreen nasjonalpark**

Atle Nesje – emeritus ved UiB - orienterte og viste eksempel frå arbeidet han held på med for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre for å lage ein oversikt over viktige geologiske verneverdiar i og rundt nasjonalparken.

Presentasjonen til Atle Nesje finn du her:

[https://www.nasjonalparkstyre.no/uploads/files\\_jostedalsbreen/Jostedalsbreen-nasjonalparkstyre\\_Atle-Nesje.pdf](https://www.nasjonalparkstyre.no/uploads/files_jostedalsbreen/Jostedalsbreen-nasjonalparkstyre_Atle-Nesje.pdf)

**3. Kva har skjedd i Jostedalsbreen nasjonalpark i 2023?**

Anne Rudsegen SNO og nasjonalparkforvaltarane Trygve Snøtun og Tor Arne Hauge synte bilete og fortalte frå synfaringar, styremøte, tiltak, planarbeid og aktivitetar i og omkring nasjonalparken det siste året. Presentasjonen starta i nordaust, øvst i Jostedalen, og fortsette rundt breen og enda lengst aust i Stryn.

**4. Runde rundt bordet**

Kvar einskild vart utfordra til å kome med kommentarar og innspel til forvaltninga av nasjonalparken. Det vart og bede om innspel til arbeidet med tiltaksplanen for 2024.

Følgjande innspel kom inn:

Småbrukarlaget v/Ingolf Folven:

- Nasjonalparkstyret bør vere meir frampå med skjøtsel, det har tatt for lang tid å kome i gang med skjøtsel i Sunndalen etter at skjøtselsplanen var ferdig hausten 2022. Skjøtselsplanen vil vere ein bra reiskap, men det må vere kapasitet til å følgje den opp.
- Jøkullaup i Tverrelva i midten av juli. Dette er blitt vanlegare og kraftigare dei seinare åra, nærmast årvisst. Brua vart teken, men er no på plass att. Ein del av oppmurt sti langs elva må murast opp att.
- Gamal sti ved Kamperhamrane vart oppdaga i sommar. Bør takast vare på.
- Ynskjer at innfallsporten i Sunndalen vert lagt betre til rette med meir informasjon.
- Samarbeidet med nasjonalparkforvaltninga er ok.



#### FNF Sogn og Fjordane V/Ket FosSEN

- Ser dilemmaet som er mellom målet om å få fleire ut på tur og det å ta vare på sårbar natur.
- Pass på dei sårbare naturformene.
- FNF opplever godt samarbeid med nasjonalparkforvaltninga

#### Sunnfjord kommune v/Solfrid Trå:

- Nasjonalparkforvaltninga gjer eit godt arbeid med å samle kunnskap.
- Deler av stien til Lundeskaret er rasa ut, ved Alteret. Er der midlar til å reparere dette i haust eller til neste år?
- Det er på gang merking til Marabreen, her er mange aktørar involvert.

#### Luster kommune:

- Samarbeid med reiselivet er viktig.
- God kommunikasjon er viktig.
- Viktig å bruke nasjonalparksentera og kanalane deira til god formidling av informasjon om nasjonalparken.

#### Visit Sunnfjord v/Vanja Birkelid:

- Reiselivet er opptekne av god tilrettelegging.
- Kva skjer i Stardalen?
- Ønskjer god informasjon om natur og verneområder.
- Formidling viktig i vidare samarbeid.
- Korleis styre SoMe?
- Samarbeid med besøkssentera og reiseliv er viktig.

#### Statsforvaltaren i Vestland v/Tom Dybwad:

- Kan ein gjere meir ut av kulturminna?

#### Universitetet i Bergen v/Atle Nesje:

- Ønskjer at det vert laga eit kart over gamle ferdseigar og driftivegar.

## 5. Oppsummering

Styreleiar Ivar Kvalen summerte opp dagen og ynskte vel heim.

Med helsing

Trygve Snøtun og Tor Arne Hauge

Nasjonalparkforvaltarar og sekretærar for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

*Dokumentet er elektronisk godkjent*